

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
092/23	Kommunestyret	PS	26.10.2023
Sakshandsamar		Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft		FE-131	21/72

Godkjenning av Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland planid. 2021003

Vedlegg

Austrheim_IKP_sjøareal 03.10.2023

IKP SJØ NH Planskildring 03.10.2023

IKP SJØ NH Kunnskapsgrunnlag 03.10.2023

IKP SJØ NH KU Vedlegg innspel 03.10.2023

IKP SJØ NH KU og ROS 03.10.2023

IKP SJØ NH Kjelder 03.10.2023

IKP SJØ NH Føresegn 03.10.2023

Referat IKPLsjø planutval 17, 03.10.2023

Mekling interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland og Gulen- Brev frå Statsforvaltaren i Vestland

Mekling interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland og Gulen

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Oppdaterte plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er datert den 03.10.2023. Grunngjevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 9-3 og 11-15.

Pkt. 1:

Framlegget om ny lokalitet Senoksen vert teke ut av planen på grunn av svært høgt konfliktnivå. I konsekvensutgreiinga frå Asplan Viak vert lokaliteten ikkje tilrådd.

Lokaliteten legg beslag på eit enormt areal (nær 900 dekar inkl. ankerfeste), opnar for sterk auke i biomasse i området og vil føra til auka belastning på sjøbotn med sannsynlege tareskogar og anna naturmangfold av stor verdi som er mangelfullt kartlagd, m.a. kamskjelfrekonomstar og skjelsand.

Avstanden til oppdrettsanlegget i Trøvika er på 1,6 km, langt under Mattilsynet si tilrådde grense på 5 km. Tiltaks- og influensområdet er nytta til fiske med garn, line og teiner. Området er dessutan eit ynda naturområde for padling og annan friluftsaktivitet knytt til friluftsområda i Øyane med mellom anna Turlaget si kysthytte i Rongevær og Bergen og omland friluftsråd sine friområde på Øksneset og på Sauøyna. Store delar av dette sjøområdet med skjergard vart i 1993 vurdert som nasjonalpark i

Ny landsplan for nasjonalparkar.

Pkt. 2:

Hamn i Øksnesmarka vert teke ut av planen på grunn av høgt konfliktnivå med naturmiljø på land, friluftsliv og negative konsekvensar for marint naturmangfald.

Pkt. 3:

Framlegget om endring av lokaliteten Øksneset vil i følgje konsekvensutgreiinga frå Asplan Viak bandleggja 20-25 % av rekefeltet i Åråsvågen. Kommunestyret tek difor framlegget ut av planen.

Pkt. 4:

Framlegget om skjelsandutvinning ved Lyngoksen vert teke ut av planen.

I konsekvensutgreiinga til Asplan Viak kjem Lyngoksen ut med raudt og lokaliteten vert ikkje tilrådd. Det skuldast først og fremst risiko for skade på naturmangfald, men også negative konsekvensar for kulturminne og friluftsliv. Dessutan er det fleire kaste- og låssettingsplassar i området.

Kommunestyret - 092/23 - 26.10.2023

KS - behandling:

Renee Semmingsen (Samlingslista) ba om at saka vart utsett. Semmingsen sa vidare at ho ikkje kunne sjå at dei siste endringane er handsama i formannskapet, og ønskte å ta dette opp i eit medlemsmøte i partiet.

Det vart røysta over utsettingsframlegget:

Det vart nedstemt med tolv (H, Ap og INP) mot 5 (Sp og SL).

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om korleis planen skal handsamast i Austrheim, når det er ein interkommunal plan. Her svara Asbjørn Toft at kvar kommune vedtek planen for sin eigen kommune, for det som gjeld eigen kommune. Det er åtte kommunar som samarbeider om planen. Ei motsegn som står att, det er for Fedje kommune. Det interkommunale planutvalet er sett saman av ordførarane frå kommunen, desse har styrt prosessen politisk og tilråd den i alle åtte kommunane. Reidar Øksnes (Sp) ba om at kartet vart forklart, kva skraveringane og andre innteikningar betyr. Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om planen, jamfør saksutgreiinga.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det har vore ein god prosess. Nøgd med at to oppdrettslokalitetar vert samla til ein, og at denne er flytta lengre ut i ope hav.

Ingeborg Lohne Hordvik (SL) refererte partiet sitt eige framlegg til vedtak.

Det vart bedt om gruppemøte, og kommunestyret tok pause for det.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om lokalitetane for fiskeoppdrett ved Senoksen og Lyngoksen har vore handsama med tilråding frå formannskapet som arealplanutval. Svaret var at det ikkje var noko tilråding

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over Samlingslista sitt framlegg, punkt for punkt.

Pkt. 1: Dette fall med 15 (Ap, H, INP og SP) mot 2 (SL)

Pkt. 2: Dette fall med 13 (Ap, H, INP og Gro Kaland i SP) mot 4 (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn og Reidar Øksnes frå Sp, og Samlingslista sine to representantar)

Pkt. 3: Dette fall med 13 (Ap, H, INP og Gro Kaland i SP) mot 4 (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn og Reidar Øksnes frå Sp, og Samlingslista sine to representantar)

Pkt. 4: Dette fall med 15 (Ap, H, INP og SP) mot 2 (SL)

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 15 (Ap, H, INP og SP) mot 2 (SL)

KS - vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Oppdaterte plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiling og kunnskapsgrunnlag er datert den 03.10.2023. Grunngjevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 9-3 og 11-15.

Saksopplysninger:

Det interkommunale Planutvalet(IKPU) har no gjennomført prosessen og har har utarbeida eit forslag til arealplan for sjøarealet som dei tilrår kommunestyra i kvar enkelt kommune å vedta. Det einskilde kommunestyra skal vedta arealplanen for sin kommune, men den bygger på ein samordna plan i regionen. Planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiling og kunnskapsgrunnlag er datert den 03.10.2023. Meklingsbrev (utkast er vedlagt) frå Statsforvalteren i Vestland sitt møte med tre kommunar den 25.09.2023 på Statens Hus i Bergen viser at denne planen no kan godkjennast. På dette meklingsmøtet møtte frå Austrheim kommune ordførar Per Lerøy og einingsleiar Asbjørn Nagell Toft. Meklinga kan oppsummerast slik:

Partane var einige om å løyse motsegna med følgjande:

- Lokalitet Øksnesmarka i Austrheim kommune er ikkje tilstrekkeleg utgreidd i kommuneplanens arealdel. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiling for land og sjø. Planarbeidet skal gi grunnlaget for vurdering av om planlagd arealbruk og tiltak kan gjennomførast.
- Området i sjø til Øksnesmarka med hamn og kombinert formål blir tatt ut av den internasjonale planen for sjøarealet.
- Kommunen kan som planstyresmyndighet utvide reguleringsplanen for næringsområdet til å omfatte ytterlegare areal i sjø.

Meklinga førte fram til semje.

Planen har vore ut på tre høyringar. IKPU meiner at den planen som no vert lagt fram for kommunestyra til vedtak bygger på ein grundig prosess og det er viktig at planen no vert vedteke slik at dei endringane som planen legg til rette for kan realiserast.

Bakgrunn

Hausten 2020 gjorde kommunestyra i dei 8 kommunane (Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal) vedtak om å opprette eit interkommunalt planutval.

Kommunestyret sitt vedtak – hausten 2020:

1. NN kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøarealet i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøarealet i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i NN kommune.
3. NN kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.

4. NN kommune vel xx til medlem med xx som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

Kommunestyret delegerte planmynde til IKPU. Ein interkommunal plan er ei samansetting av fleire formelt sjølvstendige kommunale planar bygd på ein heilskapleg vurdering.

Organisering

Det interkommunale planutvalet er eit politisk oppnemnd styre som har leia planarbeidet jfr. pbl § 9-2. Dei deltakande kommunane har overført mynde til å treffe vedtak om planprosessen til IKPU, jfr. § pbl 9-3. IKPU har ansvaret for å legge politiske føringar for planen sitt mål og innhald. IKPU vedtok forslag til planomtale, plankart og føresegner, gjennomførte offentleg ettersyn og innstiller det endelige planforslaget til kommunestyra for vedtak. Medlemmene i IKPU har hatt ansvaret for kommunikasjon med det politiske miljø i eigen kommune. Kommunestyra valte ordførar som representant til IKPU, med unntak av Alver som valte leiar i plan og miljøutvalet.

Det interkommunale planutvalet (IKPU) konstituert seg i første møte 13.11.2020.

- Hallvard Oppedal – ordførar i Gulen – leiar
- Lars Fjeldstad –ordførar på Osterøy - nestleiar

Arbeidsgruppa består av ein administrativ fagperson frå kvar kommune som skal bidra i utforminga av planen. Det er kommunedirektør i kvar einskild kommune som har oppnemnd medlem til arbeidsgruppa. Einingsleiar Asbjørn Nagell Toft har delteke frå Austrheim kommune. Arbeidsgruppa har vore leia av Kristin Nåmdal frå Alver kommune.

Region Nordhordland IKS (RNI) sin rolle i prosjektet er å vere ein tilretteleggjar og koordinator i prosjektet. Det er kjøpt inn planfagleg- og kartressursar frå Alver kommune. For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar frå regionale myndigheiter vart det oppretta ei referansegruppe for myndighetene. Dette for å kunne få gode innspel så tidleg som mogleg i prosessen. I tillegg deltok Havforskingsinstituttet, deira hovudoppgåve var å rettleie og finna fram det beste faglege grunnlaget.

For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar og god kontakt med næringslivet og frivillige lag og organisasjonar vart det oppretta to referansegrupper:

- Næringslivet – representert med Nordhordland Næringslag
- Organisasjonar på regionalt nivå – som tek i vare friluft og miljøinteressene

Medverknad og dialog i planprosessen - generelt



Planarbeidet har som formål å sjå til at alle interesser i sjøareala og deira behov for areal blir lagt fram og vurdert. Dette gir dei politiske mynde ei betre grunnlag for sine avgjerd. Dei formelle prosedyrekraava er knytt til kommuneplanen, og interkommunalt plansamarbeid i samsvar med pbl. kap.9. Planarbeidet med å utarbeide plan kan grovt delast i dei fem fasane - (i) planprogramfase, (ii) planfase, (iii) høyringsfase, (iv) planvedtak og (v) gjennomføring.

Planprogrammet

Utarbeiding av planprogram (fase 1) utgjer den formelle oppstarten av planprosessen med varsling og kunngjering. IKPU vedtok i møte 26.02.2021 å legge planprogrammet på høyring og offentleg ettersyn.

- Det var 45 stk som sendte innspel til planprogrammet.
- IKPU vedtok planprogrammet 21.06.2021.

Avgrensing – kva planen gjeld for og område

	<p>Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal og gjeld berre for sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar og ned til og med sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja (sjå Fig.2).</p> <p>Planområdet omfattar ulike sjøområde, frå open eksponert kyst til meir beskytta fjordar, store fjordbasseng og opne sund. Djupne, botntopografi, utskifting av vatn og eksponering varierer i stor grad.</p>
	<p>I sjøen gjeld plan- og bygningsloven § 1-2 ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja, definert av dei yste holmar og skjær.</p> <p>Det er mange ulike og aktuelle tema i området og der er stor skipstrafikk knytt til mellom anna Fensfjorden. Det gir føringar for korleis arealet kan disponerast, og korleis forvaltnings-ansvaret er fordelt. Sjøområda si grense mot land er definert ved "generalisert felles kystkontur". Grensa går ved middel høgvatn</p>

Kunnskapsgrunnlag

Til planen er det utarbeida eit kunnskapsgrunnlag om planområdet og arealbruken i dag.

Planområdet går frå ope hav til innerst inne i fjordane. Bruken av sjøen og interessene er mange som mellom anna:

- Eit av dei mest trafikkerte sjøområda i Noreg med store tankbåtar – Fensfjorden
- Nasjonal laksefjord
- Lang historie med akvakultur og stor produksjon
- Friluftsliv – både lokale og for storbyen Bergen
- Tradisjonelt fiske
- Nokon område med utfordringar med forureining og utslepp

Det viser at dette området er noko av det mest kompliserte med omsyn til interesser og spenn i tema som er aktuelle. Dei fleste tema som er aktuelle ved planlegging i sjø var eit tema i dette planområdet.

Prosess og planforslag

Det vart gjennomført ulike samlingar og møte før utarbeiding av planforslag på regionalt nivå. Planforslaga vart annonsert på vanleg måte. Den einskilde kommune har lagt ut på heimesida med link til Region Nordhordland. Etter 1. planforslag har det vore direkte dialog med regionale mynde og Statsforvaltaren for å ta opp og finne løysingar på konkrete utfordringar. Representanten i IKPU har halde eigen kommune orientert om planprosessen og planforslaga som er lagt fram.

Oversikt over ulike dialogmøte/samlingar som har vore i prosessen.

År	Mnd	Målgruppe/interessent	Tema – status
2020	12	Regionale mynde	Informerte om planlagt planprosess og organisering. Dei ulike mynde kom med tilbakemelding og sine forventningar til arbeidet
2021	10	Regionale mynde	Arbeidsmøte Status Akvakultur – behov for strukturendringar – utfordringar Kunnskapsgrunnlag, KU avklaringar
2021	11	Referansegruppe for næring	Orientering om arbeidet Innspel frå næringa om deira behov for areal og rammer for drift. Det vart gitt innspel frå havbruk og fiskerinæringa og deira behov for areal.
2021	11	Akvakultur	Oppfølging av møte tidlegare i månaden der akvakulturnæringa kunne samordne sine innspel.
2021	11	Referansegruppe friluft, natur og miljø	Arbeidsmøte – orientering Vassforvaltning, friluftsliv, miljøstatus, laksefjord – status villaks og sjøaure
2022	2	Statlege og regionale mynde	Arbeidsmøte Status Innspel til kunnskapsgrunnlaget
2022	3	Statsforvaltaren	Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget Rammer og innhald for KU og ROS
2022	3	Statsforvaltaren	Oppfølging av tidlegare møte Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget Rammer og innhald for KU og ROS
2022	9	Statlege og regionale mynde	Overordna gjennomgang av plandokument og planforslag
2022	11	Opent møte – Knarvik Region Nordhordland Helsehus	Presentasjon av planforslaget
2022	11	Opent kontor	Alle som ville kunne ta kontakt for å få meir detaljert gjennomgang av forslaget

Planforslag og konsekvensutgreiing

Dette er omtalt i kap. 7 og 8 i planskildringa. Konsekvensutgreiinga er laga med utgangspunkt i nasjonale, regional og lokale målsettingar og styringsdokument. Ein arealplan er på eit overordna nivå, og utgreiinga skal bygge på kjent kunnskap. Ved seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, eventuelt konsesjonsbehandling, kan det vera naudsynt å kartlegga ny kunnskap. Det er likevel lagt vekt på ny fagkunnskap i dei tilfella der me såg at det potensielt er stor fare for at viktige verdiar vil kunne gå tapt.

Det utarbeida kunnskapsgrunnlaget er saman med informasjonen i dei mottekne innspela grunnlaget for KU og ROS. Med dette utgangspunkt og den skildra metoden er alle innspela vurdert. Basert på metoden for KU er innspela kategorisert i nivå av konfliktgrad (grøn, gul, raud) i høve til ulike fagtema og risikovurdering. Dei innspela som er med i planforslaget, totalt 36, er fordelinga

vist i tabellen under.

Samla vurderingar av enkeltinnspele		
12	13	11
Ingen eller få kjente vesentlege konsekvensar eller moglege konfliktar. Etter ei samla vurdering på tvers av alle tema vert innspelet tilrådd.	Middels konsekvens / noko konfliktpotensial / moderat måloppnåing for enkelte tema. Etter ei samla vurdering av alle tema vert konfliktgraden og utfordringa vurdert til å vere for høg til at innspelet kan tilrådast.	Klar negativ konsekvens / stort konfliktpotensial og/eller låg måloppnåing og/eller uakseptabel risiko for eitt eller fleire tema. Etter ei samla vurdering, der eitt eller fleire tema kan vere tungtvegande, vert innspelet ikkje tilrådd.

Sjølv om tiltaket kjem ut i raudt, kan endringa vere positivt i høve til dagens bruk. Det gjeld mellom anna for omstrukturering av akvakultur, fjerne fleire lokalitetar og samle det på ein større. Gjort i tre område (Allersholmen i Austrheim kommune). Av dei lokalitetane som kjem i denne kategorien er konklusjonen for alle raud i KU og ROS, men basert på grunnlaget vi har samla sett og rammene for miljøtilhøve i føresegna bidreg dette til å betre situasjonen.

Arealinnspele som var med i planforslaget fordele seg slik på tema og kommune:

Kommune	Akvakultur	Hamne-område / næring	Småbåt-anlegg/hamn	Skjelsand	Totalt
Alver	5			1	6
Austrheim	2			1	3
Fedje	1			1	2
Gulen	8				8
Masfjorden	4	2	5		11
Modalen			2		2
Osterøy	4				4
Totalt	24	2	7	3	36

*I Gulen - er lokalitetar til skjelsand som det er løyve på tatt inn i kartet for å få samsvar med gjeldande bruk, ikkje med i tabellen her.

Framlegg plan og høyringane

1. gong høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal:

- IKPU vedtok i møte 06.10.2022 å legge planen ut på offentleg høyring
- Det var 67 stk som sendte inn merknad til planen – 22 frå offentlege – resten privat og næring
- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 19 motsegn frå statlege og regionale mynde til planen, nokon gjaldt same tiltak men frå ulike
- Planen og forslag til endringar måtte sjåast på og der var dialogmøte med dei ulike aktørane for å kome fram til eit forslag som ville ha færre motsegn
-

2. gong høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal:

- IKPU vedtok i møte 16.03.2023 å legge planen ut på offentleg høyring for 2. gong
- Det var 37 stk som sendte inn merknad til planen – 13 frå offentlege – resten privat og næring

- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 10 motsegn til planen, nokon gjaldt same tiltak men frå ulike
- Det vart jobba vidare med planen og var samde om at der måtte gjerast endringar for å kome fram til eit planforslag som kunne bli vedteke. Det var dialogmøte med dei ulike aktørane.

3. gongs avgrensa høyring av forslag til interkommunal plan for sjøareal:

- IKPU vedtok i møte 16.06.2023 å legge planen ut på offentleg høyring for 3. gong
- Det var 17 stk som sendte inn merknad til planen
- Alle merknadane vart gjennomgått i arbeidsgruppa
- Totalt var der 4 motsegn til planen. Motsegn til føresegne vart løyst i dialogmøte. Slik at det var 3 konkrete areal som vart tatt til formelt meklingsmøte.
- I meklingsmøte med Statsforvaltaren 25.09.2023 vart 2 av arealforslaga løyst. Då sat me att med eit motsegn frå Kystverket og Statsforvaltaren til akvakulturområde på Fedje – Hjeltevarden. Fedje kommune vil sannsynlegvis anka den avgjerala til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

Når planen har vore ute på høyring så har det vorte informert om planen i alle kommunane.


Vurdering:

Kommunedirektøren er glad for at meklinga med Statsforvaltaren i Vestland førte fram til semje i sjøarealet ved Øksnesmarka. Forslaget her hadde hamn og kombinert formål i sjø. I kommuneplanens arealdel (kpa) for Austrheim er område på land sett av til næring og eit område i sjø til hamn knytt til næringsområdet. Berre sjøareaala er med i denne interkommunale planen, men det er nært knytt til og grenser til planlagt næringsformål på land. Det er meldt oppstart sommaren 2022 for reguleringsplanen for heile dette nærings- og hamneområdet (Næringsområdet for Øksnesmarka).



Arealformål hamn (H) vert slik som i dag ved Øksnesmarka

På grunn av samanhengen mellom næringsområdet på land og utnytting av dei tilgrensande sjøareaala var partane i meklingsmøtet samde om at både landområdet og sjøområdet må vera tilstrekkeleg utgreidd for tiltenkt bruk; for å vurdere om det ligg til rette for den foreslegne arealbruken. Slik utgreiing kan vert gjort i ein reguleringsplan med tilstrekkeleg konsekvensutgreiing. Kommunedirektøren vil få fram at arealformålet her er som før hamn, men kan regulerast om.



Utsnitt av plankartet for Austrheim kommune (vedlagt)


Det nye i Austrheim kommune sitt planområde er at akvakulturanlegget i Allersholmen vert fjerna om det kjem ein havbruksanlegg ved Senoksen (nytt akvakulturområde i vest, sjå lilla farge).

Akvakultaområdet ved Allersholmen er ikkje god, så det er av miljømessige grunnar betre å ha slike anlegg lenger vest og i meir ope farvatn (Senoksen). Føresegna §3.1.9 b styrer dette slik:

b. Austrheim kommune

- 1. Lokaliteten Senoksen (AKV-02) kan omsøkjast, men ikkje takast i bruk, før drifta på lokalitetane Allersholmen (L.nr 11756) og Bøøyna (Alver) (L.nr 11754) er avslutta og slettas frå akvakulturregisteret.**


Kommunedirektøren synes føresegna er styrande på ein klar måte for arealbruken i sjø her.



Allersholmen vert sletta frå akvakulturregisteret og får arealformål **Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (BSV)** når det går ut av bruk. Senoksen vert AKV2 (akvakulturområde).

Uttak av skjelsand kan gjerast innanfor område satt av til råstoffutvinning i sjø, i vår kommune er

dette ved øya Lyngoksen. Skjelsand vert brukt som ein viktig ressurs for landbruket.



Område for uttak av skjelsand ved Lyngoksen

Kommunedirektøren synes elles at planarbeidet frå oppstart til godkjenning har vore grundig og fagleg god. Samarbeidet mellom dei 8 kommunane har og fungert godt. Kommunedirektøren sluttar seg til det IKPU meiner som er: *At den planen som no vert lagt fram for kommunestyra til vedtak bygger på ein grundig prosess og det er viktig at planen no vert vedteke slik at dei endringane som planen legg til rette for kan realiserast.*

Kommunedirektøren rår difor til at Austrheim kommune godkjenner **Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003** slik dei plandokumenta ligg føre. Oppdaterte plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka og er datert den 03.10.2023.

Konklusjon:

Austrheim kommune godkjenner **Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003.**